



1. Morten Askvik , 6957 Hyllestad
2. Karin Tonning Hatløy, 6958 Sorbøvåg
3. Agnete Solheim , 6953 Leirvik
4. Per Inge Oppedal, 6957 Hyllestad
5. Inger Hauken, 6958 Sorbøvåg
6. Ragnbild Gudmundsos, 6953 Leirvik
7. Frode Risnes, 6957 Hyllestad
8. Dag Ove Austgulen Myklebust , 6958 Sorbøvåg
9. Brit Inger Skaar, 6953 Leirvik
10. Bjarne Andre Lekva, 6957 Hyllestad
11. Turid Janka Langedal, 6958 Sorbøvåg
12. Ingebjørg Eikelid , 6953 Leirvik
13. Atle Nordal Inderøy, 6958 Sorbøvåg
14. Sivert Gull, 6953 Leirvik
15. Aleksander Tonning Hatløy, 6958 Sorbøvåg
16. Gunn Skresholdt, 6957 Hyllestad
17. Amund Soltveit , 6958 Sorbøvåg

Info om

**Hyllestad SP
finn du på**

www.senterpartiet.no

eller

**Facebook
Hyllestad Senterparti**

Røyst på **Senterpartiet**

Vi trur på heile Noreg



Send sms **SP** til **2360**
eller søk oss opp på
Vipps!



Hyllestad Senterparti



Hyllestad kommune sin visjon er å vere ein attraktiv og inkluderande kommune. For Hyllestad Senterparti betyr det at alle skal kjenne seg inkluderte og få vekse opp og leve i eit godt lokalmiljø med gode møteplassar, kultur- og fritidstilbod. Samstundes vil vi at Hyllestad skal vere ein kommune der eldre trivast og det frivillige arbeidet har gode vilkår. Folk skal ha lyst til å bu og arbeide i kommunen. Alle skal kunne finne sin «draumbustad» i kommunen.

Vi vil ha gode og likeverdige tenester nær innbyggjarane. Tilfredstillande infrastruktur er ein føresetnad for både næringslivet og innbyggjarane i kommunen. Hyllestad Senterparti vil at kommunen skal halde fram med å vere ein pådrivar i samarbeidet med næringsrådet.

Hyllestad Senterparti vil arbeide for å sikre at «blålystenestene» har forsvarlege responstider.

Hyllestad Senterparti vil ha rådgjevande folkeavrøysting med tydelege alternativ om eventuell endring i kommunestrukturen.

Hyllestad Senterparti vil drive ein miljøpolitikk som tek omsyn til både lokale forhold og globale utfordringar. Vi vil legge FN sine berekraftsmål til grunn for vårt politiske arbeid.

Attraktiv og inkluderende kommune

Kommunale tenester: Vi vil

- skape eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø
- at barnehage, SFO og skule skal ha god kvalitet og vere mobbefrie
- at born med særskilte behov skal få fagleg god hjelp gjennom tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid
- at alle elevane ved Hyllestad skule skal få reise på ein haldningsskapande studietur til Polen og Tyskland i 10.kl
- gi elevane leirskuleopphald i 7. klasse
- oppretthalde samarbeidet mellom Kvernsteinsenteret om skuleopplegget i same omfang som i skuleåret 2018/2019
- ha ei god omsorgsteneste der vi tilpassar institusjonsplassar og omsorgsbustader til behova, oppretthalde dagsenteret og aktivitetar for eldre
- behalde kjøkkenet og vaskeriet på Eiklund
- arbeide for å betre vilkåra for det kyrkjelege arbeidet
- betre vedlikehaldet av kommunale bygg
- ha fokus på rekruttering av kompetanse og arbeidskraft
- utvikle ungdomsrådet og ha tett samarbeid for å vidareutvikle tilbod for ungdom
- satse på lokal ungdom til sommarjobb/tilkallingsvakt i dei offentlege tenestene
- legge til rette for lærlingar, elevar i praksis frå høgskule, samt trainear i dei kommunale tenestekområda
- betre vilkåra for vidareutdanning/fagkurs kombinert med arbeid
- ha ei god og lokal helseteneste med tilfredstillande legevakt nær folk
- gjere bruk av funksjonell velferdsteknologi
- at kommunen som innkjøpar skal handle mest mogeleg lokalt
- ikkje privatisere primær oppgåvene til kommunen
- leggje til rette for rammeavtale på vedlikehaldet av kommunale bygg der det er mogeleg

Fritids- og kulturtilbod: Vi vil

- tilby attraktive kulturtilbod og kulturopplevingar for alle i kommunen
- ha eit breitt tilbod av fritidsaktivitetar for alle aldersgrupper
- ha inkluderande tilbod for alle samfunnsgrupper på ulike funksjonsnivå
- vidareutvikle fleirbrukshallen med varierte aktivitetar for både idrett og kultur
- at kommunen skal ha eit godt og aktivt samarbeid med frivillege organisasjonar og grendalag
- auke tilskotet til innkjøp av nye bøker på biblioteket og forbetre skulebiblioteket
- oppretthalde kinotilbod i kommunen

Næringsliv: Vi vil

- ha ein aktiv næringspolitikk og bidra til å skape ein attraktiv og variert arbeidsmarknad
- ha tilrettelagde næringsareal
- ta vare på primærnæringane med ei aktiv forvaltning
- handheve buplikta, verne produktiv mark og halde både små og store bruk i drift
- jobbe for betre vilkår for landbruket i kommunen i samarbeid med næringa
- leggje til rette for at berekraftig havbruk kan utvikle seg i kommunen
- ha eigarskap i energiselskap
- samarbeide for å vidareutvikle reiselivsnæringa
- bidra til å vidareutvikle Kvernsteinsparken og Kvernsteinsenteret
- arbeide for å få Unesco Geopark i Hafs

Busetnad: Vi vil

- gjere kommunen attraktiv å bu i
- at alle skal ha høve til å busetje seg der dei sjølv ønskjer
- ha attraktive byggjefelt i bygdene
- at arealplanen skal spegle att utviklinga og busetnadsmønsteret
- ha ein nyansert praksis når det gjeld tiltak i 100-metersbeltet
- leggje til rette for bygdeutvikling

Infrastruktur: Vi vil

- ha full mobildekning der folk bur og langs hovudvegane
- ha full dekning med høgastigheitsbreiband for alle innbyggjarane og næringslivet i kommunen
- ha ekspressbåtanløp i Rysjedalsvika kvar dag
- arbeide for nettverk av ladestasjonar i kommunen og Hafs
- betre vegstandarden på dei kommunale vegane, til dømes med asfaltering av fleire vegar
- arbeide for utbetring av fylkesveg 607, 57, 62 og 65
- arbeide for betre kollektiv transport i kommunen og til ruteknutepunkt heile året
- at ungdommane kan få høve til å bu heime medan dei tek vidaregåande utdanning
- arbeide for eit variert utval av utdanningsprogram på Dale vidaregåande skule som speglar att elevane sine ønskjer, samt næringslivet og samfunnet sine behov
- at vindkraft primært skal byggjast ut til havs. Vindkraft på land må berre byggjast i tråd med lokale ønskje og kommunestyrevedtak

Sp tek heile Noreg i bruk. Røyst SP !